



## Innleiing

I skolens beredskapsplan s.27, er skolen sine tiltak for å avgrense epidemiar og pandemiar lista opp. I høve covid-19, har sentral arbeidsgivar både på nasjonalt- og fylkesnivå laga eigne beredskapsplanar der skolane si oppgåve er å tilpasse tiltaka til lokale forhold. Det er innført ein trafikklysmodell som det er gjort greie for her.
Melding frå Udir: **«Tiltaksnivå i videregående skole må være i tråd med smittesituasjonen**
Rødt tiltaksnivå skal innføres på videregående skoler i kommuner med høyt smittenivå. Det skal ikke brukes som et forebyggende tiltak. Tiltakene må vurderes ut fra den lokale situasjonen og i størst mulig grad målrettes mot der smitten skjer. Tilstedeværende på skole er viktig for ungdommers utdanning, utvikling og sosiale liv.» Sjå meir her

I itslearning -> Informasjon til tilsette er det laga ei eiga temaside med aktuell informasjon om covid-19. Ved skolestart 2020, vart denne informasjonen gitt til tilsette.

## Hensikt og omfang

Presiseringa i dette dokumentet er meint som ei klargjering av informasjon som allereie er tilgjengeleg. Tiltaka gjeld ved gult nivå.

## Definisjon:

Presiseringane i dette dokumentet vil handle om desse forholda:

Pkt 1) – Forhold som gjeld alle elevar og tilsette
Pkt 2 – Forhold som gjeld tilsette
Pkt 3) - Forhold som gjeld elevar

## Ansvar og myndighet

Ansvar og myndigheit er skildra for dei ulike tiltaka.

### 1) Covid 19 – Forhold som gjeld alle elevar og tilsette

| Sak | Tiltak/gjennomføring | Ansvarleg |
| --- | --- | --- |
| Smittevernreglar | 1) Vaske/desinfisere hendene når | Den enkelte elev |

| | | |
|---|---|---|
| | ein kjem til skolen og når ein beveger seg mellom ulike område/rom på skolen<br>2) Ikkje ha fysisk kontakt med andre på skolen/jobb.<br>3) Halde avstand<br>4) Ha god hostehygiene<br>5) Vere heime når ein er sjuk<br>6) Fylgje reglane på skolen, i timane og i pausane repetisjon<br>7) Fylgje bransjestandarden for smittevern på sine fag. | og tilsette |
| Reinhald | 1) Vaske/desinfisere berøringsflater når ein forlet lokale som fleire bruker<br>2) Bruke hanskar eller reingjere utstyr som fleire bruker | Den enkelte elev og tilsette |
| Resepsjon | Ved kontakt med resepsjonen, skal den enkelte halde minst 1 m avstand – ein skal ikkje lene seg inn over mot dei som arbeider der. | Den enkelte elev og tilsette |
| Markeringar i golvet og på benkar | Mange stadar er det laga oppmerking i golvet og på benkar for å markere at ein skal halde avstand eller for kva retning ein skal gå i. | Den enkelte elev og tilsette |
| Dørstopparar | Dører som ikkje må vere lukka, bør stå opne for å hindre at alle må ta i dørhandtaket – bruk dørstoppar (treklosse). | Den enkelte elev og tilsette |

## 2) Covid–19 Forhold som gjeld tilsette

| Sak | Tiltak/gjennomføring | Ansvarleg |
|---|---|---|
| Informasjon | Informasjon blir gitt i:<br>1) Itslearning -> Informasjon til tilsette ->Vekeinformasjonen | Rektor – ansvarleg for at informasjon blir |

| | | |
|---|---|---|
| | kvar onsdagskveld/torsdagsmorgon<br>2) Itslearning -> Informasjon til tilsette -> ressursar -> Korona – informasjon til tilsette<br>3) Meldingar på itslearning<br>4) Schoollink (mobilskole) blir brukt ved tidsnød eller at informasjonen er veldig viktig. | gitt i samsvar med punkta 1) – 4)<br>**Den enkelte tilsette** er ansvarleg for å halde seg oppdatert i høve til informasjon som blir gitt. |
| Forsterka reinhald | I tillegg til forsterka reinhald gjennom vask/desinfisering av berøringsflater som elevar og tilsette gjennomfører, blir det gjennomført forsterka reinhald i kantineområdet, dørhandtak og andre berøringsflater som mange nyttar og toalett. | Reinhalds-<br>personalet |
| Oppmøte på jobb | **Full tilstedeværelse for alle ansatte** Det skal være normal drift og vanlig tilstedeværelse for alle våre ansatte i fylkeskommunen. (HR-sjefen) | Den enkelte tilsette. |
| Gjennomføring av undervisning | **Gjennomføring av undervisninga** skjer på skolen, med mindre noko anna er avtalt med næraste leiar.<br><br>Den enkelte lærar har ansvar for at alle planar, oppgåver og innleveringar for undervisninga i kvart fag er lett tilgjengeleg på itslearning/teams i fagromet for alle elevar, inkludert dei som må vere heime pga. sjukdom eller karantene. Delar av undervisninga som eignar seg til streaming/møte i teams blir gjennomført med det. | Den enkelte tilsette. |
| Fråvær ved sjukdom | Personer med influensa-/forkjølelseslignende symptomer skal holde seg hjemme til de er friske. Hjemmekontor kan i slike tilfeller benyttes dersom vedkommende er frisk | Den enkelte tilsette. |

| | | |
|---|---|---|
| | nok til det, og skal godkjennes av leder. Fravær fra arbeidsplassen skal ellers på vanlig måte dokumenteres med egenmelding/sykemelding.<br><br>Vi minner om at sentrale myndigheters smitteverntiltak skal respekteres og praktiseres. (HR-sjefen)<br><br>**Er du heime med forkjølelse eller influensasymptom, skal du ta koronatest – undervisningspersonale blir prioritert. Du avtaler med næraste leiar om du er frisk nok til å gjennomføre undervisninga di digitalt (rektor)** | |
| Risikogrupper | Personer som er i risikogruppe eller bor sammen med personer i risikogruppe er også omfattet av denne tilstedeværelsen på arbeidsplassen. **En ev. tilrettelegging av arbeidsdagen kan gjennomføres etter særlig godkjenning fra nærmeste leder. Behovet for en slik tilrettelegging skal underbygges med legeerklæring. (HR-sjefen)** | Den enkelte tilsette. |
| Kollektivtransport | De som er avhengig av kollektivtransport for å komme seg til og fra arbeidsplassen kan diskutere med sin leder hvorvidt det er behov for avvikende oppstart på dagen for å unngå rushtid eller hjemmekontor fullt eller delvis. (HR-sjefen)<br><br>Lærarar kan skyve på tilstadetida si (ikkje undervisning og møtetid), ev. ta noko av tilstadetida heime for å unngå kollektiv transport i rushtrafikken. (rektor) | Den enkelte tilsette. |
| Karantene og nærkontaktar | Når det gjelder de som er i karantene må dette fraværet dokumenteres/dekkes opp med enten ferie, avspasering, permisjon uten lønn eller sykemelding. Det er ingen automatikk i at ansatte som | Den enkelte tilsette. |



*Siste gyldige utgave av dokumentet er lagret elektronisk. Utskrevet kopi er ikkje underlagt kontroll og kan være mangelfull eller ugyldig.*

| | | |
|---|---|---|
| | blir pålagt karantene etter opphold utenlands vil få innvilget permisjon uten lønn. Det er viktig å få frem at man i så fall vil ha ulegitimert/ulovlig fravær fra jobb. (HR-sjefen)<br><br>NB: Det er kommunelegen som avgjer når ein eller fleire elevar eller tilsette, skal i karantene ev. avdelingar skal stengast pga korona. Ikkje alle som er i same klasse eller arbeider på same arbeidskontor, treng å kome i kategorien nærpersonar ved smittesporing. Sjå meir her. (rektor) | |
| Tenestereiser | **Tjenestereiser**<br>Tjenestereiser skal fortsatt ikke gjennomføres med mindre det er strengt nødvendig. Ev. tjenestereiser skal avtales med nærmeste leder. (HR-sjefen) | Den enkelte tilsette. |

## 3) Covid-19 Forhold som gjeld elevar

| Sak | Tiltak/gjennomføring | Ansvarleg |
|---|---|---|
| Elevar som er sjuke/har symptom | Viss dei er på skolen, skal dei isolerast med munnbind til dei blir henta. For elevar under 18 eller ved samtykke skal føresette kontaktast.<br><br>Skal teste seg ved symptom.<br><br>Vere heime – ta del i digital undervisning og/eller ha organisert studiearbeid om dei er friske nok til det. Midlertidig unntak ved fravær av helsegrunner | Lærar (ev. andre etter avtale med avdelingsleiar) og elev |
| Ta del i undervisninga | Elevar som er sjuke eller i | Eleven |

| | | |
|---|---|---|
| | karantene, skal ta del i undervisninga når dei kan. Eleven følgjer planar og oppgåver i faga som ligg i itslearning/teams og tek del i dei delane av undervisninga som blir gjennomført i teams. Innleveringar og prøver blir gjennomført etter avtale med læraren. | |
| Dokumentasjon på fråvær | Skoleåret 2020-2021, treng eleven ikkje levere legeerklæring på helserelatert fråvær. Eleven skal legge fram eigenmelding eller melding frå foreldre når eleven er under 18 år. | Eleven |
| Fråværsføring | Alt fråvær skal førast – unntak er organisert studiearbeid og når eleven tek del digitalt.<br>Læraren fører unntak på fagfråvær og vitnemål for helserelatert fråvær. | Læraren |
| Praksis i bedrift | Eleven fylgjer bransjestandarden til bedrifta. | Eleven |
| Ekskursjonar/faglege utflukter | Gjennomføring av risikovurdering. | Lærar og avdelingsleiar |
| Reglar i klassa | Elevane er organiserte i makkergrupper som arbeider saman. | Lærarane |
| Reglar for pausane | Eleven held seg saman med makkergruppa si og går gjerne ut.<br>Elevane held avstand til andre. | **Den enkelte elev.** |



*Siste gyldige utgave av dokumentet er lagret elektronisk. Utskrevet kopi er ikkje underlagt kontroll og kan være mangelfull eller ugyldig.*

| | | |
|---|---|---|
| Kantina: Handling i matpausane | Pga kø og at det lett blir for liten avstand mellom kundane i kantina i matpausane, er det innført tider der elevane kan handle<br><br>• Kl 1045 – 1100: TP og BORK<br>• Kl1100 – 1115: EL og PB<br>• Kl 1115 – 1130: BA, YO, RM og DH<br>• Kl 1130 – 1145: HS og ATO | **Den enkelte elev** |
| Kantina: Endra bord og stol plassering | Borda i kantina er reserverte for elevar som ikkje har klasserom ete på. Bord og stolar i kantina skal ikkje flyttast. Det skal berre vere 4 kring eit bord. Borda og stolane i kantina er plasserte med avstand for å hindre at alle som er i kantina må i karantene dersom ein ved eit bord blir sjuk. Det er heller ikkje lov å stå ved borda. | **Den enkelte elev** |
| Skyss | Skoleskyssen går som normalt. Samferdselsavdelinga melder at bussane vert fort fulle. Viss du som har rett på skyss, kan gjere noko for å unngå den fullaste bussen og likevel kome tidsnok til skolen, så er det fint! | **Den enkelte elev** |